

Mo

Av Knut Raastad, 2017



Mo ligg i øvre Nordherad vest for Visdal. Mo er nemnd frå 1414, 1422 og 1426 som *i Mo*, i Mom 1427, Mo 1520, Maar 1578, Moe 1594, Maa 1604, Moug 1668, 1723. Både 1414 og 1426 nemnder søre Mo, så da har det vore to gardar.

Mo er nemnd som fullgard i jordebok 1577 og seinare og også i bygningsskatten 1604.

1626 er nemnd ein Jon Knutsen på Mo som selde del i Harildstad

Koppskatten 1645 nemner Elling Mo og hans hustru. Matrikkelen 1647 viser at Elling Moe brukte 3 huder og var eigar sjølv.

I 1665 var det på Mo skifte etter Marit Johannesdtr.. Ho var fyrst gift med Ivar, dei hadde barna

Erland Iversen

Ingeborg Iversdtr.

Marit var seinare gift med Bjørn Jonsen d.1665. Dei hadde sonen

Svend Bjørnsen d.1697

Manntalet 1666 og matrikkelen 1668 nemner Mo som fullgard med skyld 3 huder. Tosten Olsen f.ca.1632 og Sven Bjørnsen f.ca.1636 brukte 1 ½ hud av garden kvar. Dei eigde 2 ½ hud og 2 skinn medan Laurits Kruke eigde 4 skinn, jordebok 1661 viser at Jon Rettem da eigde desse 4 skinna. Mo hadde 1668 seter i Finndalen.

Svend Bjørnsen Mo var gift med Gunhild Arnesdtr. d.1708, truleg var ho dotter til Arne Olufsen som det var skifte etter på Mo i 1670. Skifta etter Svend og Gunhild viser at dei var eigarar av Mo som var på 3 huder. Dei hadde 7 barn:

Jon Svendsen Mo f. 1658 d.før 1738, neste brukar

Johannes Svendsen Mo 1673-1754, gift med Rønnaug Johannesdtr. Sve d.1735, på Sve Iver Svendsen Mo, på Siem

Jon d.y. Svendsen Mo

Arne Svendsen Mo d.1743, gift med Anne Larsdtr. Øi n. d.1760, på Øi

Marit Svendsdtr. g.m. Iver Larsen Øi d.før 1717 (bror av Anne Larsdtr.)

Guri Svendsdtr.

Jon Svendsen Mo var gift med Ingrid Iversdtr. Lunde nig. d. 1737. Dei hadde barna

Gunhild, neste brukar

Aaste (Åse) 1711-1781, seinare brukar

Gunhild Jonsdotter Mo var gift med Ola Iversen Kleppe nordgard 1698-1751. Gunhild og Ola hadde ikkje barn, det var skifte etter dei på Mo i 1752 så truleg har dei drivi garden.

Systema til Gunhild, Aaste Jonsdotter Mo vart etter 1738 gift med Johannes Knutsen Storvik s. f.1716 son til Knut Olsen Storvik 1670-1752 og Rønnaug Christensdr. Fellese 1670-1746. Aaste og Johannes overtok Mo og i rettssak i 1755 er Johannes oppgjeve å vera eigar. Aaste og Johannes hadde 5 barn:

Jon 1742-1816, neste brukar

Rønnaug f.1744, truleg g.m. Jon Arnesen Råstad m. f.ca.1737

Ingrid 1747-1818, g.m. Iver Hansen Viste n. 1757-1805. På nordgard Viste.

Knut 1739-1825, g.m. Mari Hansdotter Viste nordgard f.1761. På Lye.

Christen f.1752, ugift i 1801. Hadde dottera Aase 1784-1811 med Mari Rolvsdr. Staurust.

Jon Johannessen Mo 1742-1816 var gift med Jøda (Gyda) Rolvsdotter Einarsvoll 1755-1844 dotter til Rolv Johannessen Einarsvoll 1727-1795 og Ragnhild d.y. Pålsdr. Tofte f.1730 d.før 1816. Jon og Jøda hadde 8 barn:

Aase 1782-1826, g.m. Peder Tjøstolvsen Kleppe s. 1783-1859. På Kleppe s.

Ragnhild 1785-1870, g.m. Torstein Eriksen Garmo ø. 1779-1824. På Frisvollmoen.

Johannes 1787-1869, neste brukar

Hans 1789-1844, ugift. Landhandlar på Blakar i Lom. Drukna på øvre Sjaadalen.

Jon 1792-1864 1792-1864, g.m. Ingrid Eriksdr. Helle f.1797 d.før 1841. På Garmo nordre.

Pål 1794-1831, g.m. Kari Hansdr. Einarsvoll 1804-1871. På Ekle.

Kari 1796-1845, g.m. Knut Gudbrandsen Rusnes 1804-1866. På Rusnes.

Rønnaug 1798-1877, g.m. John Johannessen Visdal n. 1801-1892. På Visdal.

Johannes Jonsen Mo 1787-1869 var gift med Ragnhild Torgersdotter Kruke f.ca.1797 d.1819, dei var barnlause. Johannes vart gift på nytt med Mari Pålsdotter Blessum n. 1791-1847 dotter til Pål Pålsen Tolstad 1764-1847 og Rønnaug Eriksdr. Blessum 1759-1847. Johannes og Mari hadde 3 barn:

Jon 1821-1844, drukna på øvre Sjaadalen.

Pål 1826-1903, neste brukar

Johannes 1827-1844, drukna på øvre Sjaadalen.

Pål Johannessen Mo 1826-1903 vart 1856 gift med Kari Pålsdotter Tolstad 1828-1901 dotter til Pål Hansen Tolstad 1792-1864 og Mari Olsdr. Slette (Heidal) 1794-1847. Pål og Kari hadde 7 barn:

Mari 1857-1954, ugift, døvstum.

Guri 1858-1924, g.m. Ivar Andersen Rusnes 1862-1940. På Rusnes.

Johannes 1860-1934, neste brukar

Mari d.y. 1863-1951, ugift

Pål 1865-1945, g.m. Gunhild Fredriksdr. Stokstad m. 1861-1955. På Stokstad.

Kari 1869-1949, ugift.

Ragnhild 1873-1937, g.m. Iver Andersen Raastad syg. 1858-1927. Ragnhild hadde sonen
Kristian Mo 1805-1986 med Syver Dalestuen.

Johannes Pålsen Mo 1860-1934 var gift med Gunhild Ivarsdotter Viste nordgard 1852-1823 dotter til Ivar Johannessen Viste 1816-1872 og Beret Eriksdr. Garmo ø. 1831-1915. Johannes og Gunhild dreiv både Mo og nordgard Viste, dei hadde 4 barn:

Ivar 1890-1972, g.m. Mari Hansdr. Raastad s. 1891-1963. På nordgard Viste.

Pål 1893-1981, neste brukar

Kristian 1895-1978, ugift. På Viste og Mo.

Berit 1898-1978, ugift. På Viste.

Pål Johannessen Mo 1893-1981 var gift med Kari Andersdotter Visdal (Lund) 1893-1970 dotter til Anders Pedersen Lund (Lom) 1848-1923 og Anne Olsdtr. Uttafør (Lom) 1852-1915. Pål og Kari hadde 2 barn:

Johanne f.1920, g.m. Erland Jakobsen Grev 1915-1999. I Grev.
Gunhild f.1927, neste brukar.

Gunhild Pålsson Mo f.1927 var gift med Gunnar Alfred Storlien 1915-1988 og seinare skilt, dei var barnlause.

Gunhild vart i 1968 gift på nytt med Kristen Johannessen Øygarden f.1927 son til Johannes Øygarden f.1892 og Anne Myrom (Sel) f.1894. Dei var barnlause.

Sonen til Johanne f.1920, Pål Erlandsen Grev f.1954 overtok etter tanta Gunhild i 1995. Pål vart 1976 gift med Elin Hestdal (Dovre) f.1956. Pål og Elin har 2 barn:

Lene f.1976, g.m. Rolf Martinussen f.1967. I Grev.
Knut f.1979, g.m. Hege Sagdalen.

I 1668 vart det på Mo fødd 26 fe, det var 4 hestar og det vart sådd 3 tønner. I tillegg er det nemnd husmann som fødde 7 fe, hadde 1 hest og sådde 2 tønner. Det er uklart om dette var husmann på Holen eller om det var ein medbrukar på Mo.

I 1865 var det på Mo 9 hestar, 49 kyr, 50 sauer, 33 geit og 4 grisar. Det vart sådd ½ tønne rug, 15 tønner bygg, ½ tønne blandingskorn og 8 tønner poteter.

Kjelder:

Pål Øistein Kvarberg 2000: Slekt i Vågå og Lom, Slekten på Mo i Vågå

Norske Gardsbruk 1953-1997

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Folketeljing 1865

Jakup Skjedsvoll: avskrifter av jordebøker m.m.